

Kven er kyrkja?

Teologisk refleksjon etter deltaking på NPS-konferansen i København 31.aug. - 2.sept. 2015

Av Marianne Støylen Skauge, prostiprest i Nordhordland

På NPS-konferansen i København 31.aug.-2.sept. hadde Patrik Hagman (dr. teol. og docent i politisk teologi ved Åbo Akademi) eit føredrag kalla «*Människornas behov och kyrkans tradition - att vara kyrka idag*». Han skisserte nokre praktiske utfordringar eg synst det var lett å relatere til som prest i den norske folkekyrkja. Det handla mellom anna om moglege konfliktar som kan ramme dei nordiske folkekyrkjene våre ettersom dei økonomiske rammene truleg vert strammare. Det vil då måtte hardare prioriteringar til i høve til kva ein skal bruke ressursar på, og han ser føre seg at det kan skape ei konflikt mellom det han kalla fredag-, laurdag- og søndagskyrkja.

Fredag-, laurdag- og søndagskyrkja

Det han kallar fredagskyrkja er det som føregår i vekedagane i kyrkja, og kan spenne seg frå babysong, strikkekafe, seniortreff, kor for små og store, barne- og ungdomsklubbar osv. Laurdagskyrkja føregår også på andre dagar enn laurdag, men det er dei kyrkjelege handlingane med vigsel, gravferd og kanskje også dåp, i den grad ein har eigne dåpsgudstenester skild frå kyrkjelyden si hovudgudsteneste. Søndagskyrkja seier seg kanskje sjølv, men det er den delen av kyrkjelyden som jamnleg møter fram til gudsteneste på søndag førmiddag. Det er sjølv sagt ikkje slik at det ikkje er overlapping mellom desse kategoriane, men poenget hans er at dei også representerer ulike grupperingar av medlemmane, og at det kan vere farleg for kyrkja om det blir konflikt om ressursane mellom desse.

Kven som er kyrkja av desse, og dermed bør bestemme over ressursane, finst det ulike svar på, alt etter kven du spør. Legg vi den lutherske forståinga vi finn i *Confessio Augustana* av kva kyrkja er til grunn, nemleg at «*kyrkja er forsamlinga av dei heilage, der evangeliet blir lært reint og sakramenta forvalta rett*» (CA VII), kan det i følge Hagman sjå ut som svaret er søndagskyrkja. Han freistar å søkje djupare for å sjå om det finst ein måte å tenkje om kyrkja på som både kan bidra til einskap mellom desse grupperingane, (i staden for splitting og konflikt), og som er rotfesta i Skrifter og i kyrkja sin tru og tradisjon.

Kyrkja som verkeleggjering av Guds rike

Hagman hevdar at kyrkja si oppgåve er å vere eit bilete på Guds rike, og at ser vi kyrkja på denne måten favnar det mykje breiare enn den alt nemnte lutherske forståinga av kyrkja. Ein slik Gudsrikeforståing av det kristne fellesskapet vil eg hevde vi finn om vi les Apg 2 om dei fyrste kristne. Dei hadde eit nært fellesskap der dei «hadde alt i lag» (Apg 2,44), og dei selde både eigedomane sine og andre eigendelar og delte ut til dei som trong det. (Apg 2,45) Dei hadde sett Gudsrikekreftene bryte fram på nye og kraftfulle måtar med Jesus, og tok derfor eit radikalt oppgjær med den gamle måten å leve på, og prøvde å leve ut Gudsriket saman. Med bakgrunn i blant anna Apostelgjerningane vil eg seie at det god grunn til å tru at dei fyrste kristne såg på den kristne fellesskapet, kyrkja, som ein stad der Guds rike skulle verkeleggjerast, og derfrå spreist vidare ut i verda. Dette er absolutt eit aktuelt bilete vi gjerne kan bruke på kyrkja. Samstundes trur eg Hagman forstår den lutherske definisjonen av kyrkja på ein for snever måte. For sjølv om meddelinga av sakramenta i hovudssak føregår på gudstenesta søndag, er stadane der evangeliet vert forkynt så mange fleire enn berre preika på søndagen. Vel har lutherdomen vore kritisk til såkalla gjerningskristendom, men det tyder ikkje at ikkje gjerningane, det å leve ut

evangeliet, har sin plass her. Evangeliet kan ikkje forkynnast med ord åleine. Forfattaren av Hebrear brevet skriv: «*Lat oss då ved han alltid bera fram for Gud vår lovprising som offer, det vil seia frukta av lepper som vedkjenner hans namn. Men gløym ikkje å gjera godt og dela med andre. For slike offer er til glede for Gud*» (Hebr 13,15–16). I

Gudstenestebok for den norske kyrkja er desse tankane formulert slik: «*lovprisinga vår tek ikkje slutt når gudstenesta er til ende. Når ein ser det slik, blir etterfølginga og tenesta i verda til ein del av sjølv lovprisinga. For lovsongsofferet (liturgien) i kyrkja kan ikkje vera utan kjærleik (diakonien).*»

Hagman set opp tre nøkkelområde for det kyrkjelege arbeidet, og den kyrkjelege sjølvforståinga. Desse er: tilbeding, å bygge fellesskap og å tene verda. Det følgjande er ikkje eit forsøk på å gradere desse punkta. Eg forstår derimot Hagman slik at hans poeng er nettopp at alle desse tre heng nøye saman, og berre ved å gje rom for alle desse dimensjonane av kyrkja sitt arbeid kan kyrkja vere ei bilete på Guds rike. Likevel vil eg no setje fokus på tilbeding. Grunnen er at eg trur vi i mange kyrkjelydar i Den norske kyrkja har meir merksemd på det å bygge fellesskap og på diakonale aktivitetar, måtar vi kan vere med å tene verda på, medan det at vi er eit fellesskap som tilbed fell litt meir i bakgrunnen. Eller kanskje ikkje vi skal seie bakgrunnen, men heller at det er noko underliggande, noko som ikkje så ofte vert uttalt, anna enn i den faktiske tilbedinga vi gjer saman i liturgien vår. Det at kyrkja er eit fellesskap som tilber Gud er det som djupast sett gjer dette felleskapet til kyrkje.

Gudstenesta som tilbeding

Hovudsamlinga i kyrkja, der vi tilbed saman, er søndagsgudstenesta. Samlinga på søndagen har vore eit kjenneteikn ved dei kristne sidan lenge før søndagen vart offisiell fridag. Hagman hevdar at det ofte er uklårt for oss som kyrkje kva vi faktisk *gjer* når vi feirar gudsteneste. Ofte høyrer vi at vi feirar gudsteneste fordi det gjev oss fred og ro, det laddar batteria våre, det er vakkert, eller at det lærer oss noko, eller mange andre forklaringar som alle har det til felles at dei fokuserer på «nyttå» til gudstenesta. Hagman er sterkt kritisk til forklaringar som handlar om nytte, fordi dette gjer at vi fort kjem inn på ein marknadstenking. Han spør kvifor folk skal gå til gudsteneste for å finne ro eller avslapping, når kanskje yoga fungerer mykje betre til det.

Tilbeding er kanskje eit ord vi kjenner ambivalens mot. Det kan assosierast til ein blind underkastelse som er framand for oss, eller som Hagman seier til idoliseringa av eit tenåringsidol -Noko som faktisk liknar meir på det Bibelen kallar avgudsdyrking! Det gammaltestamentlege bodet om å tilbe Gud og ingen andre tek Jesus opp igjen og stadfestar då han blir freista. (Luk 4,8: «*Då svara Jesus: «Det står skrive: Herren din Gud skal du tilbe, han og ingen annan skal du tena.*»») Det å tene Gud og lovprise Han er «livsens inste meining», slik det blir formulert i Gudstenesteboka for den norske kyrkja. Gudstenesta der kyrkjelyden kjem saman for å tilbe Gud er det som skapar kyrkja seier Hagman. Rowan Williams formulerer liknande tankar i boka *Being Christian*, men der fokusert særleg inn på nattverden: «*It is, [...] what makes the Church what it really is.*» (s 58)

Handling og bøn må bli eitt

Det er ikkje slik at tilbedinga dermed er meir «verdt», for utan handling, det å tene verda og bygge fellesskap, er tilbedinga utan meining. Det er heller ikkje slik at vi kan seie at tilbedinga har prioritet, eller kjem fyrst. Eg tenkjer, og det er slik eg forstår Hagman også, at tilbedinga, det å bygge fellesskap og tene verda er vove inn i kvarandre - visst er det ulike fargar der, men det er likevel eitt teppe. Slik vi i salmen *Pris være Gud* syng og bed: «Handling og bønn må bli ett.» (N13 nr. 674: Jublende løfter vi her våre hender, synger om

gleden og håpet du sender, gir deg vår lovsang, vårt liv og vår arbeidsdag. Handling og bønn må bli ett.)

Eg tykkjer at føredraget til Hagman både var svært interessant og oppbyggeleg. Eit av utgangspunkta hans handla om den moglege konflikten om ressursar mellom dei ulike grupperingane i kyrkja. Han nemnte at det er gode grunnar - ikkje berre økonomiske, men også teologiske - til å satse endå meir på frivillige krefter i kyrkjelydane, men utdjupa ikkje dette meir. Slik sett vil eg seie at han ikkje svarte på utfordringa om ressursar. Derimot vil eg seie at hans tre nøkkelområde for det kyrkjelege arbeidet og den kyrkjelege sjølvforståinga er viktige for kyrkja. Om ein fokuserer på dei slik Hagman gjer her, kan det bidra til å byggje ned konfliktnivået mellom dei ulike grupperingane han skisserer, og skape einskap. Styrken er nettopp at alle tre er naudsynte for at kyrkja skal vere kyrkje, og at det han kallar fredag-, laurdag- og søndagskyrkja alle er med å verkeleggjere ulike dimensjonar ved det å vere kyrkje i dag.